



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	10.11.2016	10972/2017/L40	Anders Smith-Øvland	10.02.2017

## Forslag til ny byggt teknisk forskrift (TEK17) – fråsegn til høyring

### Bakgrunn

Møre og Romsdal er regional planmynde høyringspart etter plan- og bygningslova. Vi har ansvaret for 36 kommunar og behandlar over 1000 saker kvart år. To av våre viktige og prioriterte ansvarsområder er barn og unges interesser og universell utforming. Vi har ut i frå barn og unges interesser ein generell kommentar til utforminga av TEK17 og ein konkret kommentar til utforminga av kapittel 8, om «eigna», «tilstrekkeleg» og «god kvalitet» på uteoppholdsareal. Om universell utforming har vi ein konkret merknad til endringane knytt til snusirkel og rullestolrampe.

### Barn og unge

#### Generelt om utforminga av TEK17

Føremålet med endringa av forskrifta er å gjere ho enklare; Spørsmålet er enklare for kven? Det grepet som er valt, er å behalde det som vil vere eigna for digitalisering (målbart) og fjerne det som krev fagleg kompetent vurdering.

Vi ser fram til det som kan bli ei framtidretta forskrift, særskilt at forskrifta no vert retta inn mot digitalisering slik at ho i størst mogleg grad kan vere "sjølvberande". Det som likevel uroar, er at ein foreslå å fjerne føringar som hittil har vore grunnlaget for kvalitet.

Etter våre erfaringar, er det vanskeleg å oppnå tilstrekkeleg kvalitet på uteareal og byggverk ettersom det ikkje ligg klare, overordna føringar i forskrifts form. Slik kvalitet er både viktig for ålmenta (estetikk og trivsel i offentlege og felles rom) og for grupper som i utbyggingssamanheng må reknast som svake, til dømes barn og unge. Vi rår derfor til at ein presiserer, kvantifiserer og tilrettelegg for digitalisering av slike kvalitetskrav i staden for å fjerne dei. Rett nok er det delar av desse krava som også fordrar ein viss grad av fagleg skjønn.

Krav til uteoppholdsareal er eitt døme. Dette er omhandla i både plan- og bygningslova, i TEK10 og i *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging* med tilhøyrande rundskriv (T-2/08). Mens føringane for utomhusareal er lite presise i lov og forskrift, er meir konkrete føringar innarbeidde i Rikspolitiske retningslinjene for barn og planlegging. Desse bør nedfellast i den nye TEK17. Vi har gjennom åra sett ei rekke utbyggingsprosjekt som – både i medhald av gjeldande planar og som dispensasjon frå plan – ikkje har den kvaliteten som gjer at bustadmiljøa samla sett blir attraktive for barnefamiljar. Dette har sjølvstøtt verknad også for andre kjøpargrupper i bustadmarknaden.

#### Konkret til forskriftsteksta

I staden for å fjerne forskriftskravet i TEK10 § 8-4, fjerde ledd, om «tilstrekkeleg» uteoppholdsareal, bør forskrifta kvantifisere kva som er meint med «tilstrekkeleg» kvalitet. Vi viser til forslaget om ny TEK17, der ein i § 8-3 første ledd framleis ikkje er kvitt uklare

moment, mellom anna kva som er meint med at uteoppholdsareal skal vere «eigna». Det same gjeld for andre ledd, kva som er meint med «god kvalitet». TEK17 bør for uteareal både bli meir konsekvent og meir konkret. Dette vil vere meir føreseieleg for både planmyndigheiter og utbygarar.

### **Universell utforming**

Endringsforslaget har også vore handsama i fylkeskommunen sitt råd for likestilling av funksjonshemma (Sak FF – 7/17). Dei har gjort slikt enstemmig vedtak:

*"Rådet for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal ønskjer ei utvikling med god kvalitet på bustadar, der funksjonalitet, universell utforming og livsløpstanken er viktig. Krava i byggjeforskrifta må speile behov og forventningar i samfunnet og sørge for ein god bustadpolitikk for alle. Vi ber derfor regjeringa om å ikkje innføre alternativ snusirkel for rullestol, redusere kravet til stigning på rampe eller innføre mindre snusirkel for studentbustadar."*

I høyring på TEK17 blir det foreslått at eit rektangel med størrelse 1,8 x 1,3 m. kan nyttast som alternativ til snusirkel med diameter på 1,5 m. I tillegg blir det foreslått å senke krav til stigning på rampe frå 1:20 til 1:15 og at innslaget for kvilerepos aukast frå 0,6m til 1,0m. I studentbustader blir det foreslått ein snusirkel på 1,3m diameter.

Vi opplever at minimumskrav ofte blir standard. Å redusere tilgjengelegheitskrava vil bety at fleire vil oppleve problem med å bu i eigen bustad. Resultatet vil bli at nokon må flytte til sjukeheim eller omsorgsbustad. Dette vil gi ekstrakostnader for både kommunane og innbyggjarane. Det er langt betre samfunnsøkonomi at så mange som mogleg bur i eigen heim så lenge som mogleg.

I 2014 blei det foreslått å redusere diameteren i snusirkelen frå 1,5 meter til 1,4 meter. Blant departement, direktorat, faginstansar og organisasjonar som gikk imot dette var:

- Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet
- Arbeids- og velferdsdirektoratet
- Standard Norge
- SINTEF Byggforsk
- NIBR
- Arkitektbedriftene i Norge
- Rådgivende Ingeniørers forening
- Likestilling- og diskrimineringsombudet (LDO)
- Norges Handikapforbund
- FFO

Høyringsinstansane viste til at tilgjengelegheitskrava var viktige for å sikre betre tilgjengelegheit som ein viktig brukskvalitet for alle. Det blei også vist til internasjonal einigheit om snusirkel med diameter 1,5 meter, nedfelt i fleire standardar.

Arealbehovet for å kunne snu med rullestol og kunne betene kjøkken, skap og innretningar i ein bustad vil være dei same hele livet og blir ikkje mindre mens man studerer. Vi rår derfor frå å redusere snusirkel for studentbustader. Høgare utdanning er særskilt viktig for dei funksjonshemma si yrkesdeltaking, og moglegheit for funksjonell bustad er viktig.

Råda for likestilling av personer med funksjonsnedsetjing i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal ønskjer ei utvikling med god kvalitet på bustader, kor funksjonalitet, universell utforming og livsløpstanken er viktig. Krava i byggjeforskrifta må spegle behov og forventningar i samfunnet og sørge for ein god bustadpolitikk for alle. Vi ber derfor om at det

ikkje vert innført alternativ snusirkel for rullestol, redusert krav til stigning på rampe eller innført mindre snusirkel for studentbustader.

### **Konklusjon**

- **Generelt** - Vi rår til at TEK17 i større grad presiserer krav som TEK10 har kravd faglege vurderingar, framfor å fjerne desse.
- **Barn og unge** - Vi rår til at forskriftskravet, eksempelvis i TEK10, § 8-4, fjerde ledd, samt forslag til TEK17, § 8-3, første ledd og andre ledd, opprettheld og presiserer kva som er meint med «tilstrekkeleg» og «egna» uteoppholdsareal, samt kva som er meint med «god kvalitet»
- **Universell utforming** - Vi ber om at det ikkje vert innført alternativ snusirkel for rullestol, redusere kravet til stigning på rampe eller innføre mindre snusirkel for studentbustader.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann